

Roterud (gnr. 74)

Roterud: Namn der grunnordet truleg er rot, trerot. Rotrudningen, Rotrud.

I skrivne kjelder finn vi Roterud først nemnt i matrikkelframlegget av 1723. Bruket låg da under Haga (Hågå), og namnet er skrive Rotterud.

Men fire år seinare fekk i 1727 Even Bårdsen og hans born skjøte frå Fredrik den 4. på ”en deres eiende andel udi Rotterud Engeland under Hage i Faaberg prestegjeld beliggende, skyldende 2 skind med bøxel”. Ein merker seg elles at det her gjeld ein ”andel” av Roterud engeland.

Even Baardsen hadde elles ikkje dette Roterud meir enn i 3 år. Da gav han i 1730 skjøte til oberst Georg von Bordin på ”en andel i Roterud Engeland under Hage i Faaberg prestegjeld beliggende som skylder 2 skind med bøxel for sum 300 rd.” Men denne handelen gjekk truleg ”utom inte”. For den 5. novb. 1731 gav Even Baardsen Setter på Brøttum atter skjøte på Roterud av skyld 2 skinn, men denne gongen til Gunder Paulsen og Paul Larsen Hage for sum 200 rd. Da Paul Larsen skulle betale sin del av dette Roterud, lånte han 100 rd. av Johannes Paulsen Backe mot pantebrev i ”Gamle Engen på Roterud, så vidt som hører under Hage, og Foerlandet i AgerLøcken der sammesteds samt det halve Agerland av den Ager som han tilhører”. Paul Larsen Hage hadde sin part av Roterud framleis i 1744. Han lånte da 100 rd. av Halvor Lillebacke mot ”enget Roterud, skyld 1 skind som prioriteret underpant”. – Om det i denne tid var bygt så det budde folk i Roterud må seiast å vera uvisst. Først i 1770 finn vi ein fåberging som bruker familienamnet Roterud, og det var Lars Paulsen Roterud, truleg son av Paul Larsen, som vi kjenner frå før.

I eit skiftebrev etter Peter Møller på garden Ulven på Brøttum er det blant aktiva i arvebuet og eit ”engeland øvre Roterud” av skyld ½ skinn sterboenka Ragnil Christensdr. da tok over. I 1785 var det Peder Pedersen Hamer som hadde dette Roterud. Han gav da skjøte til Anders Johansen Hundskjold på ½ skinn i engelandet Roterud for 325 rd.

Det første vi finn heilt visst at det bur folk i Roterud er i 1770. Det var da dåpsbarn der, og foreldra heitte Lars og Ragnild. Sonen vart døypt Jacob. ved ein barnedåp elleve år seinare er foreldra i kyrkjeboka kalla Povel og Mari Roderud, og barnet vart døypt Christen. Etter atter fjorten år var det dåpsbarn hos Ole og Siri Roterud, og i 1796 hos Halvor og Sønnøv. Ved folketellinga i 1801 budde det 3 familiar i Roterud. Det var: 1. familie: Halvor Larsen, husbonden, 46 år, 2. Sønnøv Olsdr., kona hans, 30 år, 3. Ole Halvorsen, son deres, 8 år, 4. Lars Halvorsen, son deres, 3 år, 5. Ragnild Halvorsdr., mor til husbonden, føderådscone. 2. familie: 1. Paul Larsen, husmann med jord, 50 år, 2. Mari Nielsdr., kona hans, 47 år, 3. Christen Paulsen, son deres, 11 år, 4. Malene Paulsdr., dotter deres, 6 år, 5. Ingebor Paulsdr., 4 år. 3. familie: Ole Larsen ”bruger Jord”, 41 år, 2. Sigrid Pedersdr., kona hans, 37 år, 3. Lars Olsen, son deres, 11 år, 4. Peder Olsen, son deres, 9 år, 5. Ragnild, dotter deres, 6 år, 6. Ole, son deres, 3 år.

Den første gongen vi finn Roterud kalla garden Roterud er i 1789, da Lars Paulsen selde Roterud av skyld 1 skinn til sonen Halvor Larsen. – Den eine husbonden på Roterud i 1801, Paul Roterud, døde i 1816, og den.30. juni 1818 var det avsluttande arveskifte etter han. Ved dette skiftet er det opplyst at hans ”gaardeplads Roterud” var taksert for 100 rd., og buet utgjorde brutto 121 rd. og netto 49 rd. Arvingane etter skiftet var forutan enka Mari Nilsdr. dei 4 borna i ekteskapet. Om dei er det da opplyst at sonen Christen var myndig, at dottera Ragnil var gift med Ole Svensen v/Øyre, og døtrene Malene og Ingebor var enda umyndige.

Året etter kom i 1819 det opplysende matrikkelframlegget for Fåberg med nyare tilfang om gardane. Der er det fortalt om eit Roterud som før hadde vore kalla Ulveenga. Dette bruket var da eit slåtteland på 30 mælingar. Det var her i Ulveenga at ulv på rov gjekk heilt inn i huset. Eit Roterud, som Even Hundskjøel da hadde, var og eit slåtteland på 30 mæling. Roterud nordre var derimot eit gardsbruk med eit husdyrhald på 5 kyr og ei kornavling på 6 tønner. På bruket Roterud øvre var dei tilsvarande tal 6 kyr og 8 tn. korn. På Roterud nedre, som var sjølve garden, var derimot husdyrhaldet 2 hestar, 8 naut, og den årlege kornavling var ca. 15 tønner.

I 1835 var det Ole Andersen som hadde bruket Roterud eller Ulveenga. Han gav da skjøte på denne eignedomen og Seterenga til Peder Larsen Sæther. – Men i 1855 var Peder Larsen død, og enka etter han, Eli Arnesdtr., skjøta da desse bruka vidare til sønene Lars Pedersen og Simen Pedersen. Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var det elles Iver Hundskjøel som hadde løpenr. 209 Hundskjøeleng av ny skyld: 1 skylddalar 3 ort 13 skilling. Vidare åtte Christen Paulsen løpenr. 212 Roterud nordre av skyld 4 ort 7 skilling. Løpenr. 213 Roterud av sny skyld 1 dalar og 17 skilling var overtatt av Peder Olsen. Christen Fredriksen hadde overtatt løpenr. 214a Roterud nedre av skyld 1 dalar 2 ort 3 skill., og løpenr. 214b Roterud nedre var det Lars Halvorsen som hadde.

Ti år seinare var det i 1848 Erik Christensen Hage som hadde heimel på løpenr. 208b Roterud ell. Ulveenga. Han gav da skjøte på dette bruket til kjøpmann W. Lorange, som så var eigar av dette Roterud til i 1858. Da selde han denne sin del av Roterud ell. Ulveenga vidare til Erik Kulsveen for kjøpesum 440 spd. Samtidig selde han og ein parsell av Roterud til Arne Pedersen Sæther for sum 278 spd. Peder Olsen hadde løpenr. 213 Roterud øvre til i 1861. Da skjøta han garden over til sonen, Ole Pedersen Roterud. Eit underliggende bruk under Roterud, Holssvea, følgde da samtidig med i handelen.

I mellomtida hadde det og skjedd dei skifte at Gudbr. Iversen Hundskjøel i 1858 gav skjøte til Ole Olsen Langset på løpenr. 209 Hundskjøelenga m/ eit skogstykke for kjøpesum 700 spd. Dessutan kjøpte i 1865 Hans Pedersen bruket midtre Roterud ell. Roterudenga for kjøpesum 220 spd.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Roterudgardane i Fåberg m. a. fortalt at på løpenr. 212 Roterud nordre, som Christen Roterud da var eigar av, vart det brukande jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje oppgitt til 66 mål, og av dette var 17 mål jord av 1. klasse. Tilsvarande var det brukande jordbruksareal på løpenr. 213 Roterud m/Hundskjøeleng og Holshagen:99 mål, og av dette 27 mål av 1. klasse. Vidare var dei tilsvarande areal på løpenr. 214a Roterud, som Lars Christensen hadde: 79 mål og 26 mål, og på løpenr. 214b, som Peder og Lars Roterud hadde: 83 mål og 28 mål.

Lars Christiansen, som hadde Roterud nedre med plassen Ensrud, gav i 1867 skjøte på denne plassen til Andreas Christensen Ensrud for kjøpesum 120 spd. To år seinare skjøta så Lars Christensen også Roterud nordre til svigersonen Samuel G. Flugsrud for sum 300 rd. + eit føderåd verdsett til 185 spd. Gulbrand Iversen Hundskjøel, som brukte Roterud m/Hundskjøeleng til i 1856, gav da skjøte på dette bruket til Ole Olsen Langset og Syver Amundsen Skjellerud for 700 spd. Ole Langset skjøta i 1884 sin del av eignedomen saman med søre Langset til sonen sin, Hans Langset, for kjøpesum 5200,- + føderåd av 5-årleg verdi kr.

1500,-. Så å seia samtidig selde og Syver Amundsen Skjellerud sin halvdel av Roterud Hundskjøleng og grd. Skjellerud til sonen Amund Syversen for kr. 4000,-

År 1886 kom den lenge forebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. Roterud i Fåberg fekk da gnr. 74 av samla skyld 17,24 mark, og det var da 13 brn. under grn. 74 Roterud. Det var: Gnr. 74, brn. 1 Roterud, Ulveengen, av skyld 0,90 mark og eigar eller brukar: Simen Pedersen, brn. 2 Ulveengen, skyld 0,95 mark, eigar ell. brukar: Kristian Larsen Sæter, brn. 3 Ulveengen, skyld 0,79 mark, eigar ell. brukar: Peter Hansen Vottestad, brn. 4 Ulveengen, skyld 0,95 mark, brukar ell. eigar: Simen Arnesen, brn. 5 Roterud øvre, skyl 3,07 mark, eigar og brukar: Ole Pedersen, brn. 6 Hundskjølengen, skyld 1,98 mark, eigar og brukar: Hans Olsen Langset og Syver Skjellerud, brn. 7 Roterud nordre, skyld 1,89 mark, eigar ell. brukar Peder Kristensen, brn. 8 Roterud nordre, skyld 1,99 mark, eigar ell. brukar: Samuel Flugsrud, brn. 9 Roterud nordre, skyld 3,42, eigar ell. brukar Mathias Olsen Kulsveen, brn. 10 Engen, skyld 0,64, eigar ell. brukar: Baker O. T. Myhre, brn. 11 Ensrud, skyld 0,36 mark, eigar ell. brukar: Andreas Kristensen, brn. 13 Gjølristykket, skyld 0,07 mark, eigar ell. brukar: Simen Kristensen.

Etter ajourført matr. av 1904 var det da skjedd dei skifte at Johannes Blessum hadde overtatt brn. 1 Roterud, Ulveengen, brn. 3 Ulveengen var overtatt av A. Tollefsen Ulsaker; Mathias Olsen var vorte eigar av brn. 6 Hundskjølengen søndre, Matea Roterud hadde Roterud nordre, og Magnus Roterud hadde overtatt Roterudengen; brn. 11 Ensrud var overtatt av Kristen Pedersen, brn. 12 og 13 tilhørde da Paul Mathiassen Opjordet, og brn. 14 Hundskjølengen nordre var overtatt av Olaus Svensrud.

Etter det kommunale manntal til valet i 1904 budde det da 9 personar med røysterett på Roterud. Det var: 1. Peder Kristensen, gardbrukar på nordre Roterud, 73 år, 2. Ane Olsdtr., kona hans, husmor, 52 år, 3. Kristen Pedersen, gardbrukarson, 32 år, 4. Mathias Olsen, gardbr. på midtre Roterud, 63 år, 5. Sina Larsdtr., kona hans, husmor, 50 år, 6. Matia Larsdtr., gardbrukar på midtre Roterud, 59 år, 7. Ole Pedersen, gardbr. på søre Roterud, 63 år, 8. Berte Nilsdtr., kona hans, husmor, 68 år, 9. Peder Olsen, gardbrukarson, 33 år. Elles var Kristen Larsen framleis gardbrukar i Ulveengen og hadde røysterett, og Simen Kristensen, 32 år, var framleis gardbrukar med røysterett i Roterudsveen. – Ein merker seg at dette var enda i den tid da røysterettsalderen var 25 år.

Av handlar i seinare tid med Roterud og parsellar av gardane tek vi elles med dette: Det historiske merkeåret 1905 kjøpte Fåberg kommune grn. 74, brn. 15 Granlund til skulegard i Roterudbygden. Same året kjøpte og Gudbrand Roterud brn. 8 Roterud nedre, og to år seinare kjøpte i 1907 Paal M. Roterudsveen brn. 16 Svejordet. Året etter kjøpte L. M. Rud sin femtepart av brn. 17 Roterud øvre midtre, og brn. 18 Ulveneng skog vart seld til L. K. Sæther. I 1906 hadde og Harald Myhre kjøpt grn. 74, brn. 10 Roterudengen.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 altså vorte ei heil mengd med bruksnummer under gardsnummer 74 Roterud. Blant desse mange bruksnr. var det i 1939 likevel berre 7 bruksnr. som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 74, Ulveneng med eit jordbruksareal av ca. 30 mål, som L. K. Sæther da var eigar av, b. brn. Ulveneng nordre, areal 22 mål, eigar og brukar Karl S. Nymoen, c. grn. 74, 73, brn. 4, 5 Roterud søndre, areal ca. 100 mål, eigar og brukar Osv. Roterud, d. grn. 74, brn. 8 Roterud nedre, areal 72 mål, eigar Gudbr. Roterud, brukar Sigurd Roterud, e. brn. 9-6 Roterud, areal ca. 50 mål, eigar og brukar O. M. Roterud, f. brn. 10 Roterud-Engen, areal ca.

20 mål, eigar eller brukar Karen Myhre, g. grn. 74, brn. 17 Roterud øvre, areal ca. 30 mål, eigar og brukar Lars M. Ruud.

Roterud i Fåberg er i det heile ein gard der det har vore mange og store omskifte i dei siste 250 år.